

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marianne Aadland Sandvik	Gbnr - 49/11, TI - &18	16/1421

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
64/2016	Utval for drift og utvikling	PS	25.10.2016

GBNR 49/11 - Klage på avslag på søknad om konsesjon for kjøp av gbnr. 49/11 på lo.

Vedlegg:

Søknad om konsesjon for overtaking av GBNR 49/11 på lo.

1256_49_11-kart over eidedomen

49-11 bilde

Klage og anke på behandling og avgjørelse på konsesjonssøknad for kjøp av Gbnr 49/11 i Meland

Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eidedom etter konsesjonslova GBNR 49/11

Skjøte


Gjeld søknad om konsesjon på GBNR 49/11

Konsesjonssøknad på gbnr 49/11 - merknad til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering

Saksopplysningar:

Tiltak:

Grethe Iden og Per Gjessing Høiland har i søknad journalført motteke 24.5.2016 søkt om konsesjon for overtaking av gbnr. 49/11 på lo i Meland kommune. Tidlegare eigarar er Karl Kårbø, Alf Kårbø og Berit Farmen.



· Føremål med overdraginga:

Bruket ligg på lo, om lag 17 km frå Frekhaug, men har ikkje vore i sjølvstendig drift på fleire tiår. Søkjarane vil utvikla kulturlandskapet og opparbeide turstier i utmarka. Dei vil driva noko vedhogst. Jordbruksarealet vil verta leigd ut til nabo som beitemark. Søkjarane eig GBNR 49/48 på lo som er ein fritidseigedom, og har i tillegg bustadhus i Bergen. Grethe Iden er vakse opp på nabobruket på lo og Per Gjessing Høiland er vakse opp på gard på austlandet.

· Planstatus:

Delar av konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) og delar ligg innanfor område avsett til framtidig bustadføre mål.

· Fakta om bruket, storleik, drift m.m:

Fulldyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv jord	Anna areal	Sum areal
15,5 daa	0,9 daa	43,4 daa	195,5 daa	255,1 daa

Ut ifrå synfaring og flybilet er delar av den fulldyrka jorda i ein slik tilstand at det bør over til anna markslagskategori enn jordbruksareal.

· Bygningar:

Bygning	Grunnflate m2	Byggjeår	Etasjar	Teknisk stand
Våningshus	40	1880	2	Dårleg
Driftsbygning	80	Ca 1900	1,5	Dårleg

Den avtalte kjøpesummen er på 1,2 millionar kroner.

Sakshistorikk:

Administrasjonen vurderte søknaden etter konsesjonslova §§ 1, 9 og 11, samt rundskriv M-2/2009 om konsesjon og buplikt. I innstilling til Utval for drift og utvikling sitt møte den 6.6.2016, saksnr 39/2016, gjorde administrasjonen framlegg til vedtak om å gje konsesjon. Grunngevnaden var at omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet ville, etter ei samla vurdering, bli ivareteke då konsesjonssøkjarane har oppgjeve at dei ønskjer å ta vare på både produksjonsareala og kulturlandskapet på eigedomen.

Utvalsmedlem, Asbjørn Larsen (AP), ba i førekant av utvalsmøtet om administrasjonen si vurdering om han var ugild til å handsame konsesjonssøknaden. Administrasjonen var klar på at han var ugild, og i Utval for drift og utvikling sitt møte den 6.6.2016 stemte 8 røyster for, 0 i mot, at Larsen var inhabil.

Den 6.6.2016 konkluderte Utval for drift og utvikling med at saka skulle utsetjast då utvalet ville på synfaring på eigedomen før vedtak vart fatta. Utvalet ba i tillegg om fleire opplysningar i saka frå konsesjonssøkar vedkommande pkt 2-5 i konsesjonslova § 9.

Konsesjonssøkar kom med supplerande opplysningar til søknaden i skriv datert 10.8.2016. Der skriv

dei følgjande:

1. *Formålet med overtakinga ? – Bakgrunnen er at nåværende eiere (3 eldre søsken som ikke bor i området) overtok bruket ved arv etter sin far for ca 6 år siden. Bruket har ikke vært drevet og holdt vedlike de siste 40-50 år, og nåværende eiere har heller ikke gjort noe. Bolighuset tilhørende arvelater, som var utskilt fra bruket (GNR 49/67) da det ble bygget tidlig på 60 tallet, ble solgt høsten 2011 til vår datter Ingvild Iden Høiland og Roald Njåstad. (Vi har som kjent selv GNR 49/48, som grenser til bruket). Høsten 2012 fikk vi en forespørsel fra den eldste av eierne som spurte om vi kunne tenke oss å overta garden også ? Det hadde vi på det tidspunkt ingen tanker om, men han kom tilbake til spørsmålet ved flere anledninger i årene som fulgte. For ca 1 år siden etter nok en forespørsel spurte vi våre 3 voksne barn som selv har familie med 2 barn hver hva de syntes ? Alle ville at vi skulle gå i forhandlinger om ev. kjøp, og de vil være med og ta medansvar for drift og utvikling. På denne bakgrunn er vi nå 1 år senere kommet dit vi er i dag. Formålet vårt er å rydde, sette i stand og utvikle bruket.*
2. *Planer for overtaking og drift av bruket ? Skal jorda drives og av hvem ? Bygningene ? – Planen er å få kartlagt tilstanden til de enkelte deler av områder av bruket, og på den bakgrunn sette i gang tiltak for å utvikle eiendommen. Jorda synes i dag ikke i drivverdig tilstand, men i første omgang er tanken at tidligere innmark etter noe tilrettelegging kan nyttes til beite for nabobruket, og har drøftet det med Bjørn Erling Waage eier av 49/1. Bygningene både våningshus og driftsbygning er i elendig stand, og må vurderes. Hvis mulig er meningen å renovere bygningene. Våningshuset har stått ubebodd i nesten 30 år.*
3. *3. Skog og mark ? – Vi vil ivareta og drive skog og mark etter gjeldende retningslinjer, og søke å utvikle kulturlandskapet. Det er mer enn nok å ta fatt i ! Vi håper at det som her er svar på spørsmålene vi har fått fra fagetaten og administrasjonen i Meland kommune, imøtekommer de spørsmål utvalet for drift og utvikling i kommunen har bedt om. Ein av seljarane har i skriv til kommunen datert . gitt melding om at ho ynskjer å trekka si underskrift frå avtalen som er inngått. Administrasjonen har sendt svar at dette er privatrettslege tilhøve som må takast opp med dei andre partane i saka. Kommunen forholdt seg til søknad og skøyte og som stadfestar at det er inngått ein avtale om kjøp av eigedomen, og handsamar det offentlegrettslege som gjeld søknad om konsesjon.*

I innstilling til Utval for drift og utvikling sitt møte den 5.9.2016, saksnr 48/2016, gav administrasjonen framlegg til vedtak om å gje konsesjon. Utval for drift og utvikling av slo Grete Iden og Per Gjessing Høiland sin søknad om konsesjon for overtaking av gbnr. 49/11 med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11. Før utvalet fatta vedtak i saka var dei på synfaring på eigedomen.

Grete Iden og Per Gjessing Høiland klaga på Utval for drift og utvikling sitt vedtak datert 5.9.2016 i sak 48/2016 i e-post journalført 23.9.2016.

Nærare om innhaldet i klaga:

Grete Iden og Per Gjessing Høiland skriv følgjande i klage journalført 23.9.2016:

1. Avgjørelsen:

Det foreligger gyldig kjøpekontrakt på eiendommen og vi har søkt om konsesjon i tråd med gjeldende regler. Søknaden var første gang som sak i utvalg for drift og utvikling (UDU) 6. juni-16, men ble utsatt med begrunnelse at man ville ha flere opplysninger og befaring. Utfyllende opplysninger ble gitt etter henvendelse og spørsmål fra administrasjonen, men de var bare supplerende i forhold til det som var gitt i konsesjonssøknaden. Befaringen ble gjort før møte i UDU 5/9-16, uten at det ble stilt nye relevante spørsmål. I denne typen konsesjonssaker skal utvalet si enten ja eller nei til konsesjon. Her har man sagt nei og at bruket skal selges som tilleggsjord til nabobruk. Med henvisning til sakspapirene til UDU ser man tydelig at dette bruket ikke har jordbruksareal etter nesten 50 år uten drift. Eventuelle nabobruk drives ellers bare som tilleggsnæring eller er leid ut til andre. Det er ikke grunnlag for å begrunne avslaget om konsesjon med henvisning til heimel i konsesjonsloven paragrafene 2, 9 og 11. Utvalget skal etter reglene forholde seg til kjøpsavtalen og ikke spekulere i andre mulige interessenter. Konklusjon: Vi ber om å få avslaget omgjort og at vi blir gitt konsesjon.

2. Habilitets-håndtering i forhold til behandling av saken:

Et av medlemmene i UDU ble erklært inhabil i saken, men møtte likevel opp ved befaringen med utvalget. Ved starten av befaringen sa utvalgsleder at bare utvalgsmedlemmer hadde adgang til å snakke ved befaringen, men at søkerne kunne svare på spørsmål. Likevel deltok den inhabile under hele befaringen, og snakket og ga uttrykk for sine meninger. Så viser det seg at samme inhabile medlem ved sakens begynnelse i UDU før han selv fratrer, leverer ut et skriv med en del injurierende utsagn og påstander til utvalgets medlemmer om landbrukssjefen, nabo til eiendommen og kjøper. Dette er av en slik art at vi har vanskelig for å forstå at utvalget på denne bakgrunn der og da kan fatte sitt vedtak i saken? Med håp om at avslaget kjennes ugyldig og blir tatt opp til ny behandling.

Vurdering:

Lovgrunnlag – Rettsleg utgangspunkt for kommunen si klagevurdering:

På bakgrunn av klaga og opplysningane i saka elles, skal kommunen vurdere saka på nytt.

Ved avgjerd om søknad om konsesjon for erverv av eignedom som skal nyttast til landbruksføremål, skal det i følgje konsesjonslova § 9 første ledd leggjast særleg vekt på følgjande:

1. om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling,
2. om erververs føremål vil ivareta omsynet til busettinga i området,
3. om ervervet inneber ei driftsmessig god løysing,
4. om erververen er skikka til å drive eigedomen,
5. om ervervet ivaretek omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Forarbeida legg til grunn at ei avgjerd «beror på en samlet helhetsvurdering av de hensyn som gjør seg gjeldende i saken, og den må bygge på et konkret og reelt skjønn,» jf. Ot.prp. nr. 44 (2008-09) på side 131.

I vurderinga må ein sjå hen til konsesjonslova § 1, som legg til grunn at «[l]oven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eigedom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet.»

I forarbeida (ot.prp. nr. 79 (2002-03) er det i samband med dette uttalt på side 76:

«Formålet er å sikre slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet. Det er søkeren og hans formål med ervervet som danner utgangspunktet for vurderingen. Søkers formål er derfor av sentral betydning for avgjørelsen både i saker som gjelder erverv av landbrukseiendom og ved erverv av andre typer arealer. Formålet med ervervet må veies opp mot de samfunnsinteressene som gjør seg gjeldende. Avgjørelsen skjer etter en individuell og konkret vurdering. Etter loven har ingen krav på konsesjon, men konsesjon må gis med mindre det er saklig grunn til å avslå. Ordlyden i lovutkastet innebærer at det ved avveiningen mellom søkeres interesser og samfunnsinteressene bare er adgang til å velje en løsning som er «mest» gagnlig for samfunnet. Mest innebærer ikke at en er tvunget til å velge den beste løsningen, men at en må velge mellom de faktiske mulighetene en har. Dette innebærer at samfunnshensynene er det sentrale ved vurderingen. Individuelle forhold er også relevante momenter, men da som korrigerende momenter.»

Konkret vurdering av klaga:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd at kommunen har høve til å «(...) oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrundet».

Det er administrasjonen sitt ansvar å fremje forslag til vedtak som er gyldig og i samsvar med aktuelt rettsgrunnlag, slik at kommunen treff gyldige vedtak i samsvar med gjeldande rett og lovgjevars intensjon.

· Habilitet:

I e-post den 31.5.2016 ba Asbjørn Larsen administrasjonen om ei habilitetsvurdering i samband med at søknad om konsesjon skulle handsamast av UDU. På bakgrunn av opplysningane i e-posten fann administrasjonen at det låg føre tilhøve som var eigna til å svekke Asbjørn Larsen sin tillit til upartiskhet i den konkrete saka, jf. fvl § 6 andre ledd. Vidare fann administrasjonen at det ikkje var openbert at hans tilknytning til saka ikkje ville påverke hans standpunkt i saka, jf. fvl § 6 fjerde ledd.

I møte den 6.6.2016 stemte 8 medlem i UDU for, 0 i mot, at Larsen var inhabil.

Det ovannemnde inneber at Asbjørn Larsen ikkje skal «(...) tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller (...) treffe avgjørelse i en forvaltnings sak», jf. fvl § 6 første ledd.

Asbjørn Larsen var ikkje med på å treffe avgjerd i saka. Vara, Berit Ohnstad, stilte i staden for han.

Inhabilitet inneber også at ein ikkje skal vere med på å tilretteleggje grunnlaget for ei avgjerd i saka.

Lovavdelinga har blant anna i uttale jnr. 959/70E lagt til grunn at ein advokat som er kommunestyremedlem og samtidig er representant for ein part, ikkje kan interpellere om saka i kommunestyret for å oppnå fordel for klienten.

Vidare har juridisk teori lagt til grunn at påfallande og ekstraordinært engasjement i saka inneber at ein er med på å tilretteleggje grunnlaget for ei avgjerd i saka, jf. Geir Woxholth, Forvaltningsloven

med kommentarer, på side 144.

Administrasjonen har fått opplyst at Asbjørn Larsen deltok på synfaringa som Utval for drift og utvikling hadde på egedomen den 5.9.2016. På møtet etter synfaringa, før utvalet skulle ta endeleg stilling til konsesjonssøknaden, delte Asbjørn Larsen ut eit skriv der han gjer greie for kvifor utvalet ikkje bør gi konsesjon til søkjarane. Det går også fram av skrivet at Larsen sjølv er interessert i å kjøpe egedomen. Administrasjonen viser til vedlagte skriv i sin heilhet, datert 5.9.2016.

På bakgrunn av det ovannemnde finn administrasjonen at Asbjørn Larsen var med på å tilretteleggje grunnlaget for avgjerd i denne saka, sjølv om han var inhabil, jf. fvl § 6 første ledd, jf. andre ledd. Vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, er dermed ugyldig, med mindre det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha verka bestemmende på innhaldet i vedtaket, jf. fvl § 41.

Utval for drift og utvikling fatta følgjande vedtak den 5.9.2016, saknr 48/2016:

«Utval for drift og utvikling avslår med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Per Gjessing Høiland og Grete Iden for overtaking av gnr 49 bnr 11 på lo i Meland kommune.

Utvalet ynskjer at eigedommen vert søkt overdregen som tilleggsjord til eit nabobruk.»

Utval for drift og utvikling har ikkje grunngeve vedtaket nærare. Det følgjer av fvl § 25, jf. § 24, at eit enkeltvedtak skal grunnjevast. I grunnjevna den skal det visast til dei reglane vedtaket byggjer på dersom det er naudsynt for at partane skal vere i stand til å forstå vedtaket. *«I begrunnelsen skal dessuten nevnes de faktiske forhold som vedtaket bygger på», og «[d]e hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av det forvaltningsmessige skjønn, bør nevnes.»*

Grunngjevinga av eit enkeltvedtak skal gje partane ei forklaring og gjere greie for dei omsyna som vedtaket byggjer på. Partane vil då betre kunne forstå bakgrunnen for at saka fekk eit slikt utfall. Eit forvaltningsvedtak kan kjennast ugyldig når grunngevinga ikkje gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om vedtaket lir av innhaldsmessige feil. Det er slått fast i rettspraksis at manglar ved grunngevinga kan tyde på svikt ved sjølv avgjerda, og kan medføre at vedtaket er ugyldig.

Administrasjonen kan ikkje sjå at Utval for drift og utvikling har grunngeve ovannemnde vedtak tilstrekkeleg. Vi viser til at konsesjon skal gis med mindre det er sakleg grunn for avslag, jf. rundskriv M-2/2009 på side 22. På bakgrunn av manglande grunngevnad, som inneber at det ikkje er mogleg å vurdere om Asbjørn Larsen sine innspel har verka bestemmende på innhaldet i vedtaket, finn administrasjonen at vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, er ugyldig med heimel i fvl § 25, jf. § 24, jf. fvl § 41.

Konsesjon:

Administrasjonen skreiv følgjande grunngeving for si innstilling om å gje konsesjon i vedtak datert 5.9.2016, saksnr 48/2016:

«Søkjarane sitt formål med å rydda, setja i stand og utvikla bruket må seiast å vera i tråd med LNF-føremålet i plan og med konsesjonslova sitt føremål om å i vareta landbruksinteressene. Som søkjarane peiker på og fleire naboar har meddelt er deler av jorda i så dårleg stand at det må fullstendig grøfting og oppdyrking til for å ta den i bruk som slåttemark. Kommunen har fått opplyst av bønder på lo at det har vore gjort forsøk på å slå denne gjennom åra, men at det ikkje har vore mogleg. Landbruksressursane til dette bruket er små, men det finst mange tilsvarande bruk i

kommunen. Denne typen bruk kan ikkje nødvendigvis gje grunnlag for ei stor og næringsmessig drift, men for kommunen er det viktig at bygningar og areal i LNF-område vert stelt og brukt. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning er eit moment som etter loven skal ha særleg vekt, og slik administrasjonen ser det er dette eit moment som gjer seg gjeldande i denne saka.

Kommunen har i løpet av dei siste par åra opplyste ein eller fleire seljarane om det var mogleg å dela frå tunet og selja resten som tilleggsjord til bruk i drift, noko som kunne gitt ei god driftsmessig løysing for landbruket på lo. Det er fleire som etter bruket var seldt har kontakta kommunen og sagt at dei har interesse av å kjøpa eigedomen. Etter det kommunen kjenner til er noko av årsaka til at det er interesse for å kjøpa bruket som tilleggsjord knytt til at ein del av arealet er sett av til bustadføremål i kommuneplanen, og ikkje for å utvikla eigedomen som landbruk. Ein person har meldt frå om at han ynskjer å kjøpa bruket for å driva utgangardrift med storfe.

Det er innanfor konsesjonslovens formål og praksis å vurdere om eigedomer som har landbruksressurser heller bør gå som tilleggsjord til ein landbrukseiendom i drift, enn til andre formål. For at konsesjon skal kunne avslåast ut fra denne grunngevinga, er det forutsatt at det konkret er interesserte kjøpere i denne kategori (tilleggsjord til bruk i drift). Om naboen reint faktisk vil få anledning til å kjøpa eigedomen, er ikkje ein føresetnad for å kunne avslå konsesjon på dette grunnlag. Avslag på søknad om konsesjon medfører at erverver enten har plikt til å sørge for at overdraginga vert omgjort, eller at eigedomen blir overdratt til nokon som kan få konsesjon eller som ikkje treng konsesjon, jf. konsesjonsloven § 18. Det er 4 bruk som er i drift på IO i dag, alle desse er deltidsbruk. Kommunen kjenner ikkje til at nokon av dei har planar om å utvida drifta og 3 av dei har nok areal på sitt eige bruk til den drifta dei har i dag. Konsesjonsbruket har svært begrensa jordressurser og hadde det vorte lagt til eit eller fleire bruk som tilleggsjord ville det ikkje gje grunnlag for noko stor auke i jordbruksdrifta utan betydelege investeringar i grøfting/dyrking. Dette er argument som talar for at det vert gitt konsesjon.

Seljarane valgte å selja heile bruket, og utval for drift og utvikling skal ta stilling er om formålet til søkjarane er i tråd med formålet til konsesjonsloven. Det skal tungtvegande grunnar til å gripa inn i ein lovleg avtale, og avslå ein konsesjonssøknad så lenge søkjar sitt førmål med ervervet er lovleg. Administrasjonen vil oppretthalda framlegg til vedtak.»

Administrasjonen held fast ved ovannemnde vurdering. Vi viser til at uttrykket «til fordel for søker» i konsesjonslova § 9 er valgt for å understreke at ein ønskjer seg ei positiv tilnærming til søknaden, jf. Sivilombodsmannen i sak 2008/2322. Vi viser i den samanheng til at det er positivt for bruket at det kjem eigarar som har interesse for å ta vare på både jord og bygningar på eigedomen. At jordbruksarealet vert teke i bruk til beite vil vera med på å oppretthalde både arealet og kulturlandskapet på lo, og vi vurderer det slik at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing. Vidare er søkjarane vakse opp på gard, og administrasjonen si vurdering er dermed at dei er skikka til å drive eigedomen.

Utval for drift og utvikling har i vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, skrive at det er ynskjeleg at eigedomen vert søkt overdregen som tilleggsjord til eit nabobruk. Forarbeida til konsesjonslova har framheva at ein må velje mellom dei faktiske mulighetene som ligg føre, jf. Ot.prp. nr. 79 (2002-03) på side 76. Vidare har Høgsterett lagt til grunn at ein ikkje kan nekte konsesjon på grunnlag av teoretiske alternativ, jf. Rt. 2012 s. 18.

Administrasjonen kan ikkje sjå at utvalet har grunngeve kvifor dei ynskjer at eigedomen vert søkt overdregen som tilleggsjord til eit nabobruk. Alternativet står difor fram som teoretisk, og administrasjonen kan ikkje sjå at ein kan nekte konsesjon på dette grunnlaget.

Konklusjon:

Administrasjonen finn at det ligg føre sakshandsamingsfeil som inneber at vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, er ugyldig og rår difor til at vedtaket vert oppheva.

Vidare rår administrasjonen til at det vert gjeve konsesjon som omsøkt. Vi viser til at konsesjonssøklarane ynskjer å ta vare på både produksjonsareala og kulturlandskapet på eigedomen. Administrasjonen meiner difor at omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet vert gode ivareteke, og dette er i samsvar med dei føremåla som konsesjonslova skal sikre. Vi viser i den samanheng til uttale frå Sivilombodsmannen i sak 2009/1976, der det står følgjande: «[s]å lenge søkers formål med ervervet er lovlig, skal det mye til før myndighetene har saklig grunn for å gripe inn i en avtale og nekte konsesjon.»

Viss Utval for drift og utvikling finn at det ikkje er grunnlag for å endre vedtaket, ber administrasjonen om at utvalet grunnjev avslaget i samsvar med fvl § 25, jf. § 24. Vi viser i den samanheng til uttale frå Sivilombodsmannen i sak 2009/1976, der ombodsmannen skriv følgjande: «Vurderingen etter konsesjonsloven § 9 er en helt sentral og nødvendig del av det rettslige grunnlaget i denne typen saker, og det må kreves av begrunnelsen at det uttrykkelig fremgår at vurderingen er foretatt og hvilke hensyn som er vektlagt, jf. prinsippet i forvaltningsloven § 25.»

Vidare handsaming:

Dersom Utval for drift og utvikling (UDU) følgjer rådmannen sitt framlegg til vedtak nedanfor, og tek klaga til følgje, må eventuelle partar varslast og vil ha høve til å klage på vedtaket. Klaga skal stilast til Meland kommune. Viss UDU ikkje tek denne klaga til følgje, vert saka sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Dersom UDU ikkje tek klaga til følgje, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling opphevar vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, med heimel i forvaltningslova § 41, jf. § 6 andre ledd, jf. første ledd.

Vidare gjev utval for drift og utvikling konsesjon til Per Gjessing Høiland og Grete Iden for overtaking av gnr. 49 bnr. 11 på lo i Meland kommune, jf. konsesjonslova §§ 2, 9 og 11.

Den avtala kjøpesummen er på kr 1 200 000,-

Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket.»

Utval for drift og utvikling - 64/2016

UDU - behandling:

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Asbjørn Larsen, AP, var ugild ved handsaminga, som vara møtte Berit Ohnstad, AP.

Før handsaming av saka ga utvalsleiar Mabel Johansen ei oppsummering av kva utvalet skal leggje vekt på i saka, - kva som er administrasjonen sine oppgåver og kva utvalet skal ta stilling til. UDU bør ikkje ha som mål å overprøve administrasjonen si sakshandsaming, - dette er viktig for omdømme og tillit.

Utvalsleiar ba utvalet leggje til grunn administrasjonen si utgreiing ved drøfting av habilitet i denne saka.

Skriv frå administrasjonen dagsett 25.10.2016 vedk tilleggsopplysningar til e-post frå Bengt Ingvard Iden dagsett 25.10.2016 vart utdelt i møtet

Framlegg til vedtak frå AP:

"I saka 16/1421 ang konsesjonssøknad på GBMR 49/11 utsetter UDU behandlingen av saka til neste møte inntil administrasjonen har fremmet et alternativ vedtak i saka."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå AP 2 røyster for, 6 i mot (H, Sp, FrP, MDG, KrF) og fall.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 5 røyster for, 3 i mot (AP, KrF) og er såleis vedteke.

UDU - vedtak:

- mot 3 røyster (AP, KrF)

«Utval for drift og utvikling opphevar vedtak datert 5.9.2016, saknr 48/2016, med heimel i forvaltningslova § 41, jf. § 6 andre ledd, jf. første ledd.

Vidare gjev utval for drift og utvikling konsesjon til Per Gjessing Høiland og Grete Iden for overtaking av gnr. 49 bnr. 11 på lo i Meland kommune, jf. konsesjonslova §§ 2, 9 og 11.

Den avtala kjøpesummen er på kr 1 200 000,-

Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket.»